

## FIRDA SEAFOOD GROUP AS

Kalvøyna 75  
5970 BYRKNESØY-Norway



## NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET

Byrknesøy 18.09.2024

### Innspel til Havbruksmeldinga

*Firda Seafood Group AS er ein lokaleigd og heilintegrert aureprodusent i Sogn og Fjordane, med hovudkontor på Byrknesøy i Gulen kommune. Vi produserer årleg 20.000 tonn aure sjølv, og slakta i fjor 35.000 tonn aure og laks ved vårt slakteri i Gulen. Vi har størsteparten av drifta vår i Gulen kommune, i tillegg har vi produksjon i kommunane Bremanger, Kinn, Askvoll, Hyllestad, Vik i Sogn og Bergen. Vi har 240 tilsette. Om lag 200 av desse er tilknytte Gulen kommune.*

### Trafikklyssystemet

**Vi meiner: Trafikklyssystemet treng ei omlegging, der god fiskevelferd blir målet og dødelegheit indikatoren. Nedtrekk som sanksjon må erstattast av ordningar som legg til rette for omstilling. Lus må styrast av eitt regelverk, som gjeld for alle produsentar i heile landet til ei kvar tid.**

Biologisk produksjon må sjåast i ein heilskap, og vi meiner at god fiskevelferd må vere utgangspunktet for forsvarleg oppdrett. Det absolutte målet på fiskevelferd i ein stor produksjon, er dødelegheit. Om ikkje fiskevelferda blir betre i norsk fiskeoppdrett samla sett, styrer vi mot nedbygging. Difor meiner vi at fiskevelferd og dødelegheit må bli fundamentet for trafikklyset.

Lus bør takast ut av trafikklyssystemet og styrast av eitt samla lovverk; luseforskrifta. Denne er lik for heile landet, og det er opp til den enkelte å etterleve ho. Mattilsynet har påpeikt at trafikklyssystemet ikkje er eigna for å setje fiskevelferda fremst, slik det er innretta i dag. Dersom ein teke utgangspunkt i fiskevelferd, vil det og verke inn på praksisen kring arbeidet mot lus. Mattilsynet må styrkast for å kunne handheve regelverket med dei verkemiddela som ligge der allereie.

Nedtrekk som verkemiddel er etter kvart grundig dokumentert som lite målretta, og svært kostbart. Vi treng ordningar som stimulerer til utvikling og forbetring, ikkje nedbygging og stagnasjon. Det må skapast handlingsrom. Gode løysingar må få prøvast ut, og god drift må premierast. Berre slik kan ein dyrke dei beste. I dag står ein med eit

---

#### FIRDA SEAFOOD GROUP AS

Org.nr.: NO 975 965 279

Tlf.: +47 57 78 11 00 • E-post: [post@firdasea.no](mailto:post@firdasea.no) • Internett: [www.firdasea.no](http://www.firdasea.no)  
Kalvøyna 75, 56970 BYRKNESØY

feilslått likskapsregime, der heile næringa blir identifiserte med og straffa for dei svakaste resultatane. Det er det motsette av å legge til rette for utvikling.

Inndelinga i område med fargekode, har overskygga det faktum at mange har god biologi midt inne i røde område, og andre har dårleg biologi i dei grønne. God drift må støttast oppunder, uansett kvar i landet du er.

## Miljøteknologi

**Vi meiner: Inndrege volum må frigjevast til utviklingsformål med klare mål og retningslinjer. Ei ordning for postsmoltproduksjon i sjø må prioriterast. Gode ordningar må bygge på å omstille produksjonen mest mogleg for ein lågast mogleg pris, og med minst mogleg trong for knappe ressursar, som elektrisk kraft og landareal.**

Mangelen på tilrettelegging for ny teknologi har kosta næringa mykje i form av manglande innovasjon og tapt produksjon. Utvikling av ny teknologi blir viktig, saman med styrka biologisk kunnskap, forbedringar i prosessar og omstrukturering av lokalitetar. Men vi vil åtvare mot å forvente at eit raskt teknisk skifte skal løyse alle problem. Alle omleggingar kjem med nye knappheits-faktorar og ny risiko. Landbasert produksjon vil krevje mykje areal, store inngrep i landskapet og kostbare og ressurskrevjande anlegg. Lukka produksjon i sjø vil gje mindre inngrep, men krev tilgang på infrastruktur. Tilførsel av elektrisk kraft vil vere eit etableringshinder både på land og for lukka i sjø. Ein bør vurdere nøye om det å gjere fiskeoppdrett til svært kraftkrevjande industri er den beste vegen å gå.

Det er i dag fleire regulatoriske hinder for å få ei god teknologiutvikling i havbruk, og det mest politisk bestemte hinderet er tilgangen på produksjonsvolum. Tanken om at kapasitet som skal nyttast til forskning og utvikling skal seljast til same pris som marginal auke i kommersiell biomasse, er skadeleg for næringa si utvikling. Og det er ein slående ulikskap mot andre næringar, der ein legg til rette med rause støtteordningar for å stimulere til innovasjon.

## Foredling og marknadsadgang

**Vi meiner: Forbodet mot eksport av produksjonsfisk må opphevast. Det er ei subsidiering som gir feil fokus, kostar for mykje og har skapt ulike konkurransevilkår gjennom dispensasjonar. Ein sunn foredlingsindustri må vere konkurransedyktig, og treng stabile rammevilkår med tanke på marknadsadgang, arbeidskraft og ikkje minst tilgang på fisk heile året.**

I 2022 opna vi den nye filetlinja ved anlegget vårt på Byrknesøy. Gjennom å produsere filet kan vi halde fleire hender i arbeid, utnytte råstoffet betre, nå andre marknader enn med heilfisk, og redusere utsleppa frå transport. Vi har og investert i topp moderne innfrysings- og frysekapasitet, og trur dagens fryseteknologi kan vere med og danne heilt ny praksis for transport og lagring av fisk, noko som og vil redusere svinnet i verdikjeda fundamentalt.

Vi meiner at fokus på produksjonsfisk har vore altfor dominerande i den norske industrien, og har gått ut over arbeidet med produktutvikling og marknadsarbeid. Den uvanleg store tilgangen på nedklassa fisk, har synleggjort at eksportforbodet i dag står att som ei enorm subsidiering av norsk industri, og medfører store tap for produsentane. Dispensasjonar frå eksportforbodet har synt kva prisar ein kan oppnå i den frie marknaden, samstundes som vi ikkje er kjende med at dette har gjeve problem med dårlege produkt til konsumentar. Derimot har vi erfaring med at produksjonsfisk ved fleire høve har funne vegen som heil fisk til frysediskane i Norge. Over tid vil også forfordelinga av våre eigen industri møte mottiltak frå den viktige EU-markanden. I periodar har norsk filet blitt eksportert til lågare prisar enn heil superior-fisk. Tida er moden for å gje like konkurransevilkår, gjennom å tillate eksport av produksjonsfisk.

Foredling må bygge på produktutvikling og godt marknadsarbeid, ikkje proteksjonisme. Norsk eksport av fisk er inne i ei langvarig medgangstid, der marknadstilgangen har vore eineståande god, bortsett frå bortfallet av den russiske marknaden. EU, USA og Asia har i stor grad lagt vekt på frihandel. Vi kan ikkje seie med sikkerheit at dette blir framtida. Spesielt USA trekke i meir proteksjonistisk retning. EU marknaden er og blir viktig. Vi kan ikkje risikere denne tilgangen med å velje ei proteksjonistisk linje for vår eigen industri, som attpåtil kostar dyrt for norske produsentar.

## **Løyve til ulike formål**

**Vi meiner: Det er behov for eigne løyve for ulike formål, fordi det er heilt feil at ein skal betale same pris for volum til å drive forskning eller stamfiskproduksjon, som ein betaler for marginal vekst på kommersielle løyve.**

Havbruksutvalet problematiserer mangfaldet av løyve som sorterer under konsesjonsregimet for laks- og aureoppdrett. Den bærande ideen er at samfunnet kunne selt det same volumet for same pris som vekst på ordinære løyve. Vi meiner at dette er ein blindveg å gå. Av skiftande grunngevingar har Norge valt å ha eit system med volumregulerande løyve. Det er eit nålauge og ei stor investering å kjøpe seg lov til å produsere fisk. Der det er eit streng og rigid system, må der alltid finnast unntaksreglar. Også fiskeria har sine ulike kvoteordningar. Unntaka for stamfisk, FoU, undervisning og visning er fornuftige og, etter vår meining, nødvendige for næringa sitt fundament og utvikling.

---

### **FIRDA SEAFOOD GROUP AS**

Org.nr.: NO 975 965 279

Tlf.: +47 57 78 11 00 • E-post: [post@firdasea.no](mailto:post@firdasea.no) • Internett: [www.firdasea.no](http://www.firdasea.no)  
Kalvøyna 75, 56970 BYRKNESØY

## Forvaltning

**Vi meiner: Det må skje forenklingar og effektivisering i forvaltninga av havbruk. Dagens rundgangar i ulike instansar, har gitt ei ventetid som øydelegg verdiar og spolerer investeringar. Sakshandsamingstida må ned, og makta til å ta avgjerder må samlast.**

Byråkratiet kring havbruksnæringa har utvikla seg i ei feil retning lenge. Enkle søknader verserer årevis imellom ulike sektormyndigheiter, og behandlingstidene er endelause. Det er lite kraft til å skjære gjennom, og store investeringar og forbetringar blir i mange tilfelle trekte så langt ut i tid at dei ikkje blir realiserte. Forenkling har vore eit mantra hos skiftande regjeringar, og det er på høg tid å levere på dette løftet. Forenkling må skje gjennom tillit og målstyring.

Havbruksforvaltninga må i større grad kome i posisjon til å finne løysingar, saman med næringa og saman med andre sektormyndigheiter. Om ein skal forbetre lokalitetsstrukturar og biosikkerheit, må ei omlegging av lokalitetar få prioritet. I PO3 og PO4 har situasjonen vore fastlåst i ein slags frys-praksis rundt alle endringar, etter at trafikklyssystemet vart innført. Det er det omvendte av kva ein treng for å løyse problema.

Kapasiteten må styrkast hos dei ulike direktorata og tilsyna, men prosessane må og effektiviserast. Norske kyst-regionar har ein historisk sjanse, med all den aktiviteten havbruksnæringa genererer, saman med fiskeri og olje. Kapitaltilgangen bør kome lokalsamfunna og velferdsstaten til gode, gjennom ein offensiv politikk. Distrikta treng næringsutvikling, bustadbygging og forbetringar i infrastruktur, langt meir enn dei treng gratis ferjer. Det er ikkje synd på distrikta, men det er synd for Norge om vi misbrukar sjansane til ei opprusting av heile landet.

Med venleg helsing



Lina Braanaas Utne  
CEO  
Firda Seafood Group AS